

## **Merknader til forskrift om tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbøgeaure i sjøvatn i 2009.**

### **Til § 1 Formål**

Formålet til forskrifta fell saman med formålet i akvakulturlova § 1. Det er gjort nærare greie for føresegna i Ot.prp. nr. 61 (2004-2005) om lov om akvakultur, sjå særleg s. 53 flg.

### **Til § 2. Verkeområdet til forskrifta**

Forskrifta gjeld tildeling av 65 matfiskløyve til havbruk med laks, aure og regnbøgeaure.

Fem av desse løyva er øyremerka økologisk sertifisert produksjon.

Løyva er avgrensa til 780 tonn MTB. For Troms og Finnmark er avgrensinga på inntil 900 tonn, under føresetnad av at alle lokalitetar knytt til løyvet heile tida ligg i Troms eller Finnmark, *jf. forskrift av 22. desember 2004 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskriften) § 15.*

### **Til § 3. Fordeling av løyve i denne runden**

Løyva skal i denne runden tildelast innanfor dei fylka som er nemnde i forskrifta.

Dei fem løyva til økologisk havbruk er i utgangspunktet ikkje bundne til fylke eller region. Det betyr at dei også kan tildelast i fylke innanfor området til Fiskeridirektoratet Region Sør. Tildelte løyve blir på vanleg måte knytt til den regionen der dei blir etablerte, og det er ikkje høve til å flytte løyva ut av regionen etter at Fiskeridirektoratet har skrive ut løyvedokumentet. Sjå også § 33 i laksetildelingsforskriften.

### **Til § 4. Utlysing av løyve**

Fiskeridirektoratet står for utlysinga av løyva. Føresegna nemner minimumskrava som utlysinga skal innehalde.

Fiskeridirektoratet vil utarbeide søknadsskjema med spesifikasjonar over dei opplysningar som direktoratet treng.

### **Til bokstav b)**

Utlysinga skal innehalde ein absolutt søknadsfrist. Søkjaren har risikoen med at søknaden kjem fram innan fristen.

Søknader som kjem inn etter fristen vil bli avviste.

### **Til bokstav c)**

Det blir laga eit eige søknadsskjema til bruk i denne runden. Skjemaet blir lagt ut på [www.fiskeridir.no](http://www.fiskeridir.no).

### **Til bokstav d)**

Jf. § 8 med merknader.

## **Til § 5. Innhald i søknaden**

Søknaden må vere fullstendig innan fristen. Fiskeridirektoratets regionkontor vil ikkje kontrollere opplysningane i søknaden eller realitetsbehandle han før fristen er ute. Denne føresegna må ein sjå i samanheng med behovet for å kunne vurdere dei enkelte søknadene opp mot kvarandre og omsynet til effektiv søknadsbehandling.

Andre ledd i føresegna nemner kva opplysningar søknaden skal innehalde.

### **Til bokstav a)**

Det må gå fram av søknaden om han gjeld eit ordinært eller eit økologisk løyve. Det må vidare gå fram kva fylke ein søker i. Det kan berre søkjast om eitt løyve per skjema. Dette betyr at dersom ein søker om både ordinært og økologisk løyve i eitt fylke, må ein sende inn to søknader. Søker ein om eitt løyve i fleire fylke, må det følgjeleg sendast inn ein søknad per fylke.

### **Til bokstav b)**

Prioriteringskriteria slik dei er nemnde i §§ 6 og 7 gjev informasjon om kva omsyn som vil vere avgjerande ved utveljinga. På denne måten blir det langt på veg opp til søkjaren sjølv å vise om kriteria blir oppfylte.

### **Til bokstav c)**

Jf. merknadene til § 9.

### **Til bokstav d)**

Dokumentasjon på at vederlaget kan betalast kan for eksempel vere bindande stadfesting frå finansieringsinstitusjon, eventuelt som lånetilsegn på det aktuelle beløpet.

Søklar er ansvarleg for innhaldet i søknaden, medrekna at opplysningane i søknaden er rette og relevante. Søknaden skal vere komplett når søknadsfristen går ut.

## **Til § 6. Tildeling**

### **Første ledd**

Dei geografisk fordelte søknadene vil bli behandla av det regionkontoret som dekkjer det fylket det blir søkt i.

### **Andre ledd**

Føresegna seier at Fiskeridirektoratet skal konsultere dei aktuelle fylkeskommunane. Det følgjer av føresegna at fylkeskommunane skal ha kopi av søknadene som gjeld løyve innanfor den aktuelle fylkeskommunen og vurdere desse i tråd med gjeldande fylkesplan.

Fylkeskommunen kan på bakgrunn av dette prioritere søkjarane eller gje ei meir generell fråsegn.

Korleis og om fylkeskommunen ønskjer å svare direktoratet er langt på veg opp til fylkeskommunen sjølv. Det blir likevel presisert at sjølv om vurderingane til fylkeskommunen er gjorde i lys av fylkesplanen, kan ikkje Fiskeridirektoratet leggje vekt på vurderingar som eventuelt strider mot føresegnar i akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter eller mot formålet og intensjonane med tildelingsrunden.

Vurderingane til fylkeskommunen skal dokumenterast. Dokumentasjonen skal vere skriftleg i form av brev, møtereferat eller liknande.

Spørsmål om innsyn i dokumentasjon blir behandla som vanleg etter offentleglova og forvaltningslova.

Konsultasjonen med fylkeskommunane kjem i tillegg til dei ordinære rutinane for behandling av søknader om løyve til havbruk.

### **Tredje ledd**

Her er nødvendige vilkår for å delta i prioriteringa sette opp.

Dokumentasjon på at vederlaget kan betalast kan for eksempel vere bindande stadfesting frå finansieringsinstitusjon, eventuelt som lånetilsegn på det aktuelle beløpet.

Det andre nødvendige kriteriet her er at planlagt verksemd er lokalisert til kommunar som har godkjent arealdel av kommuneplan. Det er ikkje eit kriterium at planlagde lokalitetar ligg innanfor planlagt område eller område avsett til havbruk i planen, men vedkomande kommune skal ha godkjent arealdel av kommuneplan for heile eller delar av sin kystsona.

**Dersom ein kommune består av fleire kommunar som er slått saman, og den nye kommunen ikkje har fått utarbeidd ein plan for kystsona gjeld følgjande:**

1. Dersom alle kommunane hadde ein plan for kystsona, og desse framleis er gjeldande, kan søknaden delta i prioriteringa.
2. Dersom ingen av kommunane har hatt ein plan for kystsona kan søknaden ikkje delta i prioriteringa.
3. Dersom den planlagde drifta ligg innanfor kommunegrensene til ein kommune som hadde ein plan for kystsona og denne planen framleis er gjeldande, kan søknaden delta i prioriteringa.

Dersom eitt av eller begge desse vilkåra ikkje er dokumenterte i søknaden, vil søknaden bli avslått utan nærare vurdering av dei andre prioriteringskriteria.

### **Fjerde ledd**

Føresegna nemner, saman med femte ledd, kva kriterium Fiskeridirektoratets regionkontor skal leggje særleg vekt på ved tildelinga. Kriteria vil gå inn i ei samla vurdering og er dermed ikkje meint å vere kumulative eller uttømande. Det blir understreka at kriteria ikkje utelukkar nokon frå å søkje, men om, eller i kva grad, kriteria blir oppfylte vil ha vekt i spørsmålet om søkjaren vil nå opp i konkurransen om løyva.

### **Til bokstav a)**

Vurderinga av kva søkjarar som kan kategoriserast som ”mindre aktørar” heng saman med ulike vurderingstema.

I forskrifta sin forstand er søkjar den som søkjer om eit løyve til laks, aure og regnbogeare.

”Aktør” er i denne sammenhengen ein søkjar og det eventuelle selskapet til søkjaren. Dersom selskapet er ein del av eit konsern, er det konsernet som blir rekna som ”aktør”. Difor må ein opplyse i søknaden om ein tilhøyrer noko konsern. Kva som utgjer eit konsern følgjer av rekneskapslova § 1-3.

”Mindre aktør” i denne sammenhengen refererer både til aktørar som har matfiskløyve til laks, aure og regnbøgeaure og til aktørar som ønskjer å få slikt løyve. I vurderinga av om søkjar er ein mindre aktør er det berre aktøren sine løyve til matfisk av laks, aure og regnbøgeaure som skal leggjast til grunn. Følgjeleg må det opplysast om talet på løyve til laks, aure og regnbøgeaure i søknaden. ”Mindre aktørar” skal i forskriftas forstand tolkast som det som blir kalla små og mellomstore selskap i ”Økonomiske analyser akvakultur 2007” utgitt av Fiskeridirektoratet, dvs. aktørar med inntil 19 løyve til oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbøgeaure på nasjonalt nivå.

Søklarar som er å rekne som ”mindre aktørar” konkurrerer i utgangspunktet på like vilkår. I valet mellom søklarar som elles blir vurderte som like, vil likevel den mindre aktøren oppfylle kriteriet best.

#### **Til bokstav b)**

Den sentrale del av kriteriet vil vere søkjaren si evne og søkjaren sin uttrykte vilje til å medverke til ”*auka bearbeiding med sikte på økonomisk integrasjon i kystdistrikta i Noreg*”.

Utrykket ”*bearbeiding*” skal forståast vidt. Det kan omfatte både slakting, vidareforedling og anna bearbeiding. Vidareforedling, dvs. bearbeiding som skjer ut over slakting, vil vege tyngre i ei vurdering enn berre slakting. Utrykket omfattar både eksisterande og planlagt bearbeiding. Det er ikkje nødvendig at søkjar sjølv eig verksemda som skal eller som etter planen skal bearbeide produkta. Planlagt bearbeiding må gjerast sannsynleg og dokumenterast. Det vil bli lagt vekt på graden av sannsyn og dokumentasjon. Vurderingane omfattar ikkje integrering i annan fiskeindustri.

Utrykket ”kystdistrikt” skal forståast på same måte som kystkommunar innanfor verkeområdet for differensiert arbeidsgjevaravgift. Dette inneber at dersom det skal leggjast vekt på auka økonomisk integrasjon i kystdistrikta etter dette kriteriet, må den økonomiske integrasjonen vere planlagt å skje i eitt av områda nemnt i tabellen nedanfor.

<b>Fylke</b>	<b>Kommune</b>
Finnmark	Alle kystkommunar
Troms	Alle kystkommunar
Nordland	Alle kystkommunar
Nord-Trøndelag	Leka, Nærøy, Vikna, Flatanger, Fosnes, Inderøy, Verran, Mosvik, Leksvik, Frosta, Namsos, Steinkjer
Sør-Trøndelag	Osen, Roan, Åfjord Bjugn, Rissa, Agdenes, Ørland, Frøya, Hitra, Snillfjord, Hemne

Møre og Romsdal	Kristiansund, Frei, Vanylven, Sande, Herøy, Volda, Ørsta, Aure, Norddal, Stranda, Stordal, Smøla, Halså, Surnadal, Haram, Vestnes, Rauma, Nesset, Midsund, Sandøy, Aukra, Sunndal, Eide, Averøy, Gjemnes, Tingvoll
Sogn og Fjordane	Alle kystkommunar
Hordaland	Etne, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad, Jondal, Odda, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Voss, Kvam, Samnanger, Austevoll, Vaksdal, Modalen, Fedje, Masfjorden
Rogaland	Sokndal, Hjelmeland, Suldal, Sauda, Finnøy, Kvitsøy, Utsira, Vindafjord
Vest-Agder	Farsund, Flekkefjord
Aust-Agder	Risør, Tvedestrand
Telemark	Kragerø

### Femte ledd

Her kan ei tildeling vere eit verkemiddel for å få ein aktør til å flytte eller på annan måte endre den noverande lokalitetsstrukturen sin slik at endringane medverkar til å nedkjempe PD. Søkjar som på eige initiativ bind seg til å seie frå seg lokalitet(ar) som hindrar eller gjer nedkjemping av PD vanskeleg, vil på denne måten kunne bli prioritert. Det ønska resultatet kan til dømes vere innføring av såkalla branngater (større avstandar mellom bestemte anlegg eller grupper av anlegg), eller innføring av større avstand til farleier for brønnbåtar, slakteri og andre aktørar.

Det vil vere ein føresetnad at planlagde lokalitetar inngår i eit smittehygienisk fellesområde dersom dette er etablert eller er under etablering, og at det smittehygieniske området etter tildeling har ei avgrensing som er best mogleg eigna til å ivareta formålet med fellesområdet. Smittehygienisk fellesområde er definert i *forskrift av 20. november 2007 nr. 1315 om sone for å hindre smitte og bekjempe pankreassjukdom hos akvakulturdyr (PD-forskriften)*. Fiskeridirektoratets regionkontor konsulterer Mattilsynet etter behov opp mot dette kriteriet.

I somme høve vil ei formålstenleg endring av lokalitetsstruktur innebære at søkjar må etablere anlegg på fleire lokalitetar dersom dette er nødvendig for å betre sjukdomssituasjonen i området der selskapet har aktivitet.

I andre høve må nytt løyve føre til betre spreiding av lokalitetane til søkjaren slik at bruken av lokalitetar er tilpassa ein struktur med smittehygieniske fellesområde der aktørane i området tilpassar og samordnar drifta etter kvarandre og områda rundt.

Det gjeld for alle at nytt løyve må føre til samla betring i lokalitetsstrukturen i området der selskapet er lokalisert. Dette kan komme til uttrykk i betre høve til samordna drift i større smittehygieniske fellesområde og større avstand mellom dei enkelte områda.

## **Til § 7. Tildeling av økologiske løyve**

### **Første ledd**

Søknad om økologisk løyve skal sendast til regionkontoret som dekkjer det fylket der drifta skal føregå.

Regionkontoret vil vurdere moglegheitene for lokalisering ut frå søknaden og konsultere den aktuelle fylkeskommunen. Vedkomande regionkontor skal deretter oversende søknaden med innstilling til det regionkontoret som skal gje endeleg tilsegn. Regionkontoret som gjev endeleg tilsegn vil bli utpeika av Fiskeridirektoratet etter at søknadsfristen er ute.

Føremålet er at éin region, som ikkje sjølv har søknad om økologiske løyve, skal behandle alle. Dersom det blir søkt om økologiske løyve i alle regionane, avgjer Fiskeridirektoratet sentralt kven som skal sluttbehandle søknadene og gje tilsegn.

### **Andre ledd**

For å kunne bli rekna med som søkjar til eit økologisk løyve, må det gå fram av søknaden at søkjar med ein gong etter tilsegn vil starte prosessen med å bli sertifisert eller leggje fram dokumentasjon som stadfestar at søkjar allereie er sertifisert. Det er dermed ikkje eit krav at søkjar må vere sertifisert på søknadstidspunktet, og heller ikkje at søkjar har pågåande produksjon. Dette blir gjort for også å opne for nye produsentar av økologisk laks, aure og regnbogeaure.

For å tilfredsstillе vilkåret om økologisk drift, må innehavar vere sertifisert etter Debio sin standard for økologisk havbruksproduksjon eller tilsvarande standard. Minimumskravet er at standarden er i tråd med EUs økologiforordning (EU) 834/2007. Dersom søkjar/innehavar nyttar ein annan standard enn Debio sin, vil Mattilsynet vurdere om denne standarden er i tråd med forordninga.

Dersom ein søkjar får tildelt økologisk løyve må vedkomande vere sertifisert og ha økologisk produksjon i heile biomassen som blir utnytta etter løyvet, innan to år frå tildelinga. Både plikta til å setje i gang prosessen med å bli sertifisert og sertifisering vil bli pålagt dokumentert og innsendt til Fiskeridirektoratet i løyvedokumentet som vilkår, jf. også § 10 med merknader.

Produksjonen kan ikkje starte før det ligg føre sertifikat.

Fiskeridirektoratet skal føre dokumentkontroll med at innehavaren driv økologisk. Det inneber at Fiskeridirektoratet ikkje skal gjere ei eiga vurdering av om drifta er økologisk, men basere seg på relevante sertifikat, jf. gjeldande produksjonsreglar for økologisk havbruk. Det vil bli lagt inn ei meldeplikt i løyvedokumentet, slik at innehavaren pliktar å informere Fiskeridirektoratet dersom sertifiseringa fell bort og vilkåret om økologisk drift dermed ikkje er oppfylt. Sjå elles forskrifta § 10.

### **Tredje ledd**

Ved prioritering mellom søknader om økologiske løyve vil § 6 tredje, fjerde og femte ledd komme til bruk. Nærare om dette i merknadene til desse føresegnene.

## **Til § 8. Vederlag**

### **Første ledd**

Ved tilsegn om løyve skal det betalast eit vederlag til staten. Vederlaget skal betalast til Fiskeridirektoratet, og søkjar er sjølv ansvarleg for å dokumentere at summen er betalt innan nemnde frist.

Vederlaget er sett til 8 millionar kroner per løyve, med unntak for løyve som går til Finnmark der vederlaget er sett til 3 millionar kroner. Dette gjeld også økologiske løyve.

### **Andre ledd**

Det er sett ein absolutt frist på 30 dagar, inkludert helgedagar og heilagdaggar, for betaling av vederlaget. Dersom søkjar som har fått tilsegn ikkje kan dokumentere overfor Fiskeridirektoratet at det er betalt innan fristen, kan ny tilsegn gjevast til ein annan søkjar. Vederlag som er innbetalt vil ikkje bli refundert dersom ein søkjar ønskjer å seie frå seg tilsegna etter at vederlaget er betalt.

### **Tredje ledd**

Eit løyve til havbruk består av ein rett til produksjon av ein bestemt art i eit bestemt omfang på ein gitt lokalitet. Det inneber at ei tilsegn om løyve ikkje gjev rett til drift før det er knytt ein lokalitet til løyvet. Dette kan skje gjennom å klarere ein ny lokalitet eller knyte ein eksisterande lokalitet til løyvet. Ei tilsegn om løyve gjev likevel ingen *rett* til å få utvida ein eksisterande lokalitet eller klarert ein ny. Klarering av nye og/eller utviding av eksisterande lokalitetar vil følgje vanleg prosedyre for denne typen søknader, sjå også § 9 med merknader om gebyr.<sup>1</sup>

### **Fjerde ledd**

Vedtak om avslag blir ikkje sendt til søkjarar før dei som har fått tilsegn innanfor fylket har betalt vederlaget jf. § 3.

Ved ei eventuell omgjerung av tilsegn om løyve vil søkjar få tilbake vederlaget i tillegg til rente for perioden mellom innbetaling og utbetaling av vederlag. Rentesatsen som blir lagt til grunn er gjeldande normrente i Noregs Bank. Det vil ikkje bli ytt høgare rentesats sjølv om søkjar har hatt finanskostnader som overstig denne renta.

Refusjon av vederlag med renter kan berre skje ved omgjerung av tilsegn, anten dette skjer i klageomgang eller at styresmaktene omgjer tilsegna på eige initiativ etter reglane i forvaltningslova.

## **Til § 9. Søknadsgebyr**

For denne tildelingsrunden skal det betalast gebyr på kr 12.000,- per løyve det blir søkt om. Gebyret vil også omfatte éi lokalitetsklarering dersom det blir gitt tilsegn. Gebyret omfattar ikkje gebyr som blir pålagde av andre sektorstyresmakter i samband med søknad om lokalitetsklarering.

Dokumentasjonen kan vere stempla kvittering frå post eller bank, nettbankkvittering påklistra originaloblat eller kontoutskrift (også frå nettbank) som viser utført belastning av gebyr og at

---

<sup>1</sup> Sjå forskrift av 22. desember 2004 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret.

Fiskeridirektoratet er mottakar. Gebyret skal betalast til kontonr 7694 05 09048 og merkast ”gebyr havbruk”. Innbetalt gebyr blir ikkje refundert dersom søknaden ikkje blir innvilga.

**Til § 10. Vilkår**

Eventuelle vilkår vil gå fram av løyvedokumenta.

**Til § 11. Tidsfristar for saksbehandlinga**

Det er sett ein frist på 6 veker for fylkeskommunane til å gi svar til Fiskeridirektoratet. Det er ikkje høve for Fiskeridirektoratet til å gi utsett frist for fylkeskommunane og det blir ikkje gitt tillegg for heilag dagar.